

MØTEREFERAT

Tema:	Ny landkommune
Dato/Stad	Storfjord Hotel i Skodje kommune, kl 08:30 til 12:30
Møtleiar:	Dag Olav Tennfjord, Ordfører i Skodje kommune
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Viktor Valdal, Formannskapsmedlem, Norddal kommune Tor Helge Stավdal, Rådmann, Norddal kommune Randi Bergundhaugen, Varaordfører, Vestnes kommune Aud Marie Bergdal, Formannskapsmedlem, Vestnes kommune Geir Inge Lien, Ordfører, Vestnes kommune Tone Roaldsnes, Rådmann, Vestnes kommune Eva Hove, Ordfører/nestleiar, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Karen Simonnes Aanes, Ordfører, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordfører, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Dag Olav Tennfjord, Ordfører/leiar, Skodje kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd
Forfall	Arne Sandnes, Ordfører, Norddal kommune Per Magnus Berdal, Varaordfører, Norddal kommune Kjersti Ruset Hjelle, Varaordfører, Stordal kommune Lars Joranger, Kommunereformkontakt, Stordal kommune
Observatør	Ingvild Liadal, kommunikasjonsrådgjevar, Sunnmøre Regionråd

Velkomen v/ordfører i Skodje kommune Dag Olav Tennfjord Kort orientering om Skodje kommune, der det vart vist bilder av gamalt og nytt.

Runde med ordførarane - status i kvar enkelt kommune.

Skodje kommune v/ordfører Dag Olav Tennfjord

- Retningsvalet vart vidareført, der ein går vidare med "Ny landkommune" og "Regionkommune Sunnmøre". Det var einstemmig vedtak om "Regionkommune Sunnmøre", medan "Ny landkommune" hadde stemmer mot.

Vestnes kommune v/ordfører Geir Inge Lien

- Retningsvalet mot Rauma vart godkjent mot ei stemme, medan "Ny landkommune" hadde tre stemmer mot. Vestnes sto på kravet om å ha administrasjonssete, men ettersom Haram kommune er med i tankane igjen er ikkje dette absolutt. Det er behov for å avklare felles dag/periode for

innbyggerinnvolvering. Det er noko utfordrande at Sunnmøre og Romsdalen har ulik framdrift. Det har vore gjennomført folkemøte, og innvolvering av ungdom.

Ørskog kommune v/ordfører Karen Simonnes Aanes

- Den 28. Januar vart det gjort rettningsval om å gå vidare med "Ny landkommune" og "Regionkommune Sunnmøre". Det har vore gjort diskusjonar om innbyggerinnvolvering, om det skal vere innbyggerundersøking eller folkeavrøysting - dette er utsett til mars. Haram sitt vedtak har gjort at ein er spørrende til prosessen vidare. Det har vore gjennomført folkemøte m/open space metoden.

Observatør Haram kommune v/ordfører Vebjørn Krogsæter

- Det var stor utskifting politisk sidan sist val. Det er fyrste gongen sittande kommunestyre har fått uttalt seg om kommunereforma. Haram kommune skal ha folkeavrøysting, der nedre aldersgrense er 16 år. Dei vil forhandle med Sandøy kommune, og "Regionkommune Sunnmøre". Det er også opna for å forhandle med enkeltkommuner i "Ny landkommune". Haram kommune er truleg ikkje modna ferdig i prosessen med kommunereforma, og derfor er fleire val med enno. Ungdomane og Eldre er dei som er mest for eiga kommune, gjerne med Sandøy også. Næringslivet ser litt vidare på utfordringa, men er ikkje ei tydeleg stemme.

Stordal kommune v/ordfører Eva Hove

- Den 27 januar gjorde kommunestyret eit rettningsval der ein går vidare med "Ny landkommune", og "Regionkommune Sunnmøre". Det skal nyttast rådgjevande folkeavrøysting, med stemmerettsalder ned til 16 år. Ungdomane har blitt involvert, og ungdomsrådet ynskjer å jobbe opp mot ungdomsskulen. Det har vore gjennomført folkemøte der også næringslivet vart invitert. På møtet vart det nytta arbeidsmetodikken "Open Space", der Bødalslina kom klart fram som eit behov.

Norddal kommune v/formannskapsmedlem Viktor Valdal

Stordal kommune går vidare med "Ny landkommune", men ein kjem også til å utforske litt meir mot Stranda kommune. Ein har fortsatt med det å stå åleine. Kommunen har ikkje gjort vedtak om innbyggerinnvolvering.

Endring av møtedag for forhandlingane

Vi flyttar forhandlingsdag frå 18. Februar til onsdag 17. Februar 2016.

Erlend Krumsvik forhører seg med Nilsgardstunet den 9. Februar.

- Møtestad på Nilsgardstunet vart stadfesta i løpet av møtet.

Haram kommune

Sonderingsgruppa ynsker Haram kommune velkomen til forhandlingar dersom dei ynskjer dette.

Skrivegruppe

Det er behov for kompetanse til å formulere avtaleteksten i intensjonsavtalen på ein god måte.

Koordinerande gruppe fremma forslag om fylgjande deltakarar til skrivegruppe

- Rådmann i Ørskog kommune, Synnøve Vasstrand Synnes

- Rådmann i Stordal kommune, Anne Berit Løset

Begge vart vedtatt som skrivegruppa.

Orientering om utfordringspunkt v/Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd

Det vart gitt ei kort orientering om utfordringspunta, der ikkje alle kommunane har hatt tilstrekkeleg tid til å jobbe seg gjennom desse. Det står sentralt at ein har hatt ei forankring lokalt, og at forhandlingsutvala har fått speila desse punkta på eigne folk.

Det vart ein lenger plenumsdiskusjon ut av dette, der ein ser fleire utfordringar med arbeidet vidare. Spelteori, ukjente utfall og manglande kriterie sto sentralt i diskusjonen.

Praktisk om forhandlingane v/Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd

Det vart gitt ei orientering frå komande forhandlingsleiar på korleis ein vil organisere arbeidet med forhandlingane.

- Presentasjonen er vedlagt referatet.

Gruppearbeid

Møtelyden vart delt inn i grupper etter dei fire hovudmålsettingane i kommunereforma. Referat frå gruppearbeidet er som fylgjer:

Gruppe - Heilskapleg samfunnsutvikling

Mål for den nye kommunen:

- den nye kommunen må sikre vekst og utvikling i alle deler av kommunen
- den nye kommunen skal vere ein attraktiv kommune for etablering av næringsverksemd
- den nye kommunen må ha eit omforeint syn på prioriteringar av viktige samferdselsløsningar, viktig infrastruktur og kollektivløysingar.
- den nye kommunen må ha ein overordna arealdisponeringsplan som omfattar heile kommunen og som også gir kommunen ein styrke i regionen.
- den nye kommunen skal vere eit livskraftig alternativ til sentralisering til byområda.
- den nye kommunen skal vere ein attraktiv bu og oppvekstkommune der ein kan dra vekslar på kommunen sine naturgitte føresetnader (bukvalitet, fritidstilbod, rekreasjon)

Så langt....

Gruppe - Gode og likeverdige tenester

Breiband og fiberutbygging.

Bli einige om detaljnivå i intensjonsavtalane.

Samme mal som Regionkommune. Same overskrifter.

Matrise over kva tenestene skal innhalde og lokalisering. Grunnleggande og spesialiserte teneste.

Viktig å sette opp der det blir endringar.

Kommunikasjon til egen befolkning.

Gruppe 3

Målsetjing med Ny landkommune

Målsetjinga er å skape ei slagkraftig kommune mellom byane der alle jobbar saman for å utvikle attraktive og gode lokalsamfunn, med framtidretta tenester til det beste for den enkelte innbyggjar og næringsliv.

1. Gode og likeverdige tenester for innbyggerane

«Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bedre tiltaksportefølje, særlig i små og spesialisert tjenester»

2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

«Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.»

3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar

«Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha ein mer variert befolknings- og næringssammensetning. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.»

4. Styrke lokaldemokratiet og gi fleire oppgåver til større kommunar

«Større kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.»

Berekraftige og økonomisk robuste kommunar – overskrifter i ein intensjonsavtale

Målsetjingar ift økonomi i den nye kommunen

- Rasjonell drift
- Muligheit for framtidig effektiviseringsgevinst for å utvikle eller forbetre tenestene til innbygarane
- Prinsippet om «all in» som hovudregel
- Rom for overgangsordningar dersom der er spesielle omsyn, td behov for spesielle utviklingstiltak

Overskrifter i ein intensjonsavtale

Inntekter og inntekspotensiale

Må seie noko om eigedomsskatt

Driftsøkonomisk effekt

xxx

Framtidige satsingar

Jfr. reformstøtte

IKT og digitaliserte funksjonar, bygge robust infrastruktur, alle må vere på same plattform og ein må ha standardiserte løysingar

Kva satsingar er ein enige om i fortsettelsen

Møtet slutt 12:30 etter felles lunsj.